



Ålfotbreen verneområdestyre

Referat etter møte i Fagleg Rådgjevande utval for Ålfotbreen landskapsvernområde

Fredag 17.11.2017 kl 12.00 – Gloppen hotell

Desse møtte:

Alvar Melvær – *Sogn og Fjordane turlag*, Martin K. Førde – *grunneigar Bremanger*, Marit Straume – *grunneigar Gloppen*, Ragna Flatla Haugland – *SFE og Svelgen Kraft*, Hege Lothe – *styreleiar verneområdestyret*, Alf Erik Røyrvik – *verneområdeforvaltar (referent)*.

1. Velkommen. Opning av møtet

Styreleiar Hege Lothe opna møtet og ynskte velkommen.

2. Informasjon frå forvaltninga

Verneområdeforvaltar Alf Erik Røyrvik orienterte kort om stypesaker, forvaltning, prioriteringar og tiltak i 2017.

3. Besøksstrategi

Verneområdeforvaltaren gjekk kort gjennom arbeidet med besøksstrategien og kor prosessen står no. Strategidokumentet ligg til fagleg godkjenning hos Miljødirektoratet som har satt krav om nokre endringar før den kan godkjennast før høyring.

Når den er godkjent vert den sendt ut på høyring, mellom anna til Fagleg Rådgjevande utval.

Utvalet spelte inn at UT.no og liknande tenester er viktige og nyttige i samband med besøksforvaltninga.

4. Artikkelserie frå Ålfotbreen

Arve Sandal har skrive ein serie på 8 artiklar frå og om Ålfotbreen landskapsvernområde, brukarar, naturverdiar og opplevingar.

Alle artiklane vert publisert på nettstaden www.alfotbreen.no Nettside og webdesign er gjort av Innholdspartner på Sandane.

Dei to første artiklane er allereie publisert på nettstaden. Ein har og vore på trykk i papiravisene til Firda og Sogn Avis. Neste artikkel ligg rett rundt hjørnet og vert publisert på nett og i Firda si papiravis 18.11.

Deretter vil dei fem resterande artiklane verte publisert på nettsida ein etter ein, og truleg vil fleire av dei verte trykte i Firda.

Vi er godt nøgde med det arbeidet som Arve har gjort, og ikkje so reint stolte over korleis verneområdet vert presentert. Vi er og nøgde med den jobben som Bjørnar Aske i Innholdspartner har gjort med å lage nettsida.

5. Aktuelle tiltak i 2018

Prioritering av tiltak i 2018 vert mykje styrt av prioriteringane i arbeidet med

besøksstrategi og dessutan ei vidareføring av dei tiltaka som ein ikkje fekk midlar til i 2017.

Kort fortalt er prioriteringa av tiltak i besøksstrategien slik:

1. Stien Hope- Lavestenen
2. Tilrettelegging Førdedalen
3. Tilrettelegging Bjørndalen
4. Informasjonsskilt
5. Skiltplan
6. Brosyre om geologi
7. Innfallsport Mettenes

Styret skal ha styremøte 24.11 der dei skal sette opp søknad om tiltaksmidlar. Denne lista vil, saman med innspel frå utvalet (neste sak), danne mykje av grunnlaget for den søknaden.

6. Innspel frå utvalet

Generell informasjon frå medlemmane i utvalet

- SFE er i gang med å sette opp nokre informasjonsskilt i randområda rundt landskapsvernområdet. Skilta skal først og fremst bidra til trygg ferdsel ved SFE sine magasin og anlegg i området.
- Knekkevasshytta i Bremanger er godkjent som DNT-hytte. Keipen turlag har avtale der dei leiger hytta av Svelgen Kraft som eig den.

Innspel til aktuelle tiltak

- Vegen opp til parkeringsplassen på Nakkane i Hope har dårlig dekke på delar av strekninga. Her bør ein vurdere tiltak.
- Stien frå vegen i Førdedalen og i retning hylle 7 treng rydding.
- Parkering i Bjørndalen; her er det mange parkeringsmogelegheiter. Her bør ein ikkje lage fleire parkeringsplassar som det står i besøksstrategien, men heller bruke dei som er. Sørge for god skilting og informasjon.
- Dersom ruta frå Mettenes skal forbetraust, må ein vurdere ei bru over elva ved utløpet frå Skarvevatnet. Når denne elva er stor er det krevjande å krysse.
- Det er behov for bru i Svartedalen, innanfor Grøndalen.
- Ein bør vurdere tiltak på stien til Blåbrebu. Stadvis er det bratt, og enkelte elvar er krevjande å krysse ved stor vassføring.
- Elles er utvalet positive til dei tiltaka som står i besøksstrategien

7. Eventuelt

Ingen saker

Møtet slutt kl 13.45